



Bedehuset vil bli rusta opp denne sommaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret har no gjeve klarsignal for ei opprusting av Uskedal bedehus og arbeidet vil byrja 18. mai, opplyser Jon Harald Kjærland til uskedalen.no. Dette er første byggjesteget, men når det neste kjem er enno uvisst. Då vil det eventuelt skje ei utviding av huset.

Det som skal skje i denne omgangen er dette:

- * Ombygging av toaletta til livslau-standart med installasjon av varmt vatn.
- * Sikringsskapet får ny innmat og blir tryggare.
- * Det blir kjøpt inn nye bord til storesalen.

- Vi har sommaren på oss og må i hvert fall vera ferdige til skulestarten, men tar sikte på å få gjort mest mogeleg før skuleslutt, seier Kjærland. Mest mogeleg skal gjerast på dugnad og eigeninnsatsen er kalkulert til 18.000 kroner.

Kostnadsoverslaget er 122.000 kroner og dei er allerede godt på veg til å dekkja kostnaden. Ei innsamling har nemlig gått svært bra og gjeve 52.000 kroner. Frå kommunen har dei fått 10.000 kroner og her er det truleg meir å henta.

- Og når kjem neste byggjesteget, Kjærland?

- Det veit vi ikkje no, vi vil bruka litt tid på det spørsmålet. Det er delte meiningar og vi ynskjer at medlemmene skal vera meir einige før vi vedtek noko. Kanskje treng vi også litt meir tid for å komma fram til den beste løysinga, seier Kjærland.

Bedehuset er mykje brukt og det er mange aktivitetar der, Her samlast born og unge til søndagsskule, småbarnstreff, yngste- og unge røyser, fredagsforum, hobbyklubb, møter, bønemøter, festar og bibeltimar. Den kommunale musikkskulen har hatt vellukka konsertar der og alle peikar på den gode akustikken.

Av Ola Matti Mathisen